

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale
Dykkar ref: 202311372
Vår ref: 2025/35112
Dato: 31.03.2025

Mattilsynets uttale til søknad om konsesjon for Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk i Vindafjord kommune i Rogaland

Mattilsynet viser til brev frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) datert 10.02.2025 med referanse 202311372-3 om høyring av søknad om bygging av Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk i Vindafjord kommune.

Vår rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt med ansvar for plantehelse, fiskehelse- og velferd, dyrehelse- og velferd, mat og drikkevatn. I denne saka er fagområda drikkevatn særleg relevant.

Vår konklusjon

Mattilsynet vurderer at konsesjonssøknaden for Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk ikkje tilstrekkeleg har belyst risiko for drikkevassforsyninga frå Ølen Vassverk. Vi tilrår at identifiserte risikoforhold blir avklara og at konkrete vernetiltak blir skildra før konsesjon blir innvilga.

Forholdet til Ølen Vassverk

I konsesjonssøknaden går det fram at planlagt kraftverk «*skal hentast vatn rett i underkant av ein eksisterande dam som Ølen Vassverk nyttar som inntak*» og «*skal nytte vatnet som renn over inntaksdammen til Ølen Vassverk*». Om eiendomsforhold står det at «*Eigaren av fallrettane er Ølen Vassverk. Der har me fått ein intensjonsavtale for gratis leige av dei aktuelle fallrettane*».

Om drikkevatn

Mattilsynet forvalter drikkevannsforskrift (forskrift om vannforsyning og drikkevann). Vårt ansvar i planarbeidet er å sikra vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder og leveringstryggleik for trygt og tilstrekkeleg mengde drikkevatn til innbyggjarar og lokalsamfunn.

Vi har vurdert korleis det planlagde kraftverket kan påverke drikkevassforsyninga frå Ølen Vassverk, med særleg vekt på at inngrepa blir nær vassverket sin inntaksdam.

Manglar i søknaden

Etter gjennomgang av søknaden finn Mattilsynet fleire manglar som må utbetrast før konsesjon kan vurderast:

1. Manglande risikovurdering for drikkevatn: Søknaden inneheld ingen vurdering av korleis det planlagde kraftverket kan påverke drikkevasskvaliteten i Ølen Vassverk sitt vassforsyningssystem.
2. Mangelfull beskriving av forholdet til Drikkevannsforskrifta: Søknaden tek ikkje omsyn til krava i Drikkevannsforskrifta, særleg §§ 4 og 12 om forbod mot forureining av drikkevatn og plikt til å sikre drikkevasskjelder.
3. Manglande ROS-analyse: Det er ikkje gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til:
 - a. Moglege hendingar under anleggsperioden som kan påverke drikkevatnet.
 - b. Potensielle konsekvensar av kraftverksdrift for drikkevasskvaliteten.
 - c. Beredskapsplanar ved uønska hendingar
4. Manglande avklaring med vassverket: Sjølv om det er referert til ein intensjonsavtale med Ølen Vassverk, manglar søknaden detaljerte beskrivingar av korleis samarbeidet og ansvarsfordelinga skal sikre drikkevatnet.
5. Manglande vurdering av alternative løysingar: Søknaden manglar ei vurdering av korleis dei ulike alternativa (hovudalternativ vs. alternativ 2) kan påverke drikkevasskjelda ulikt.

Mattilsynet si vurdering

Etter Drikkevannsforskrifta § 4 er det forbode å forureine drikkevatn, og forbodet omfattar alle aktivitetar frå vanntilsigsområdet til tappepunkta. Vidare seier Forskrifta § 12 at vassverkseigaren skal sikre at drikkevatnet blir beskytta mot forureining og gjennomføre aktuelle beskyttelsestiltak.

Når eit kraftverk er planlagt i direkte tilknytning til ei drikkevasskjelde, må omsynet til drikkevatnet vege tungt. Både anleggsarbeid og drift kan potensielt påverke kvaliteten på råvatnet til vassverket gjennom auka partikkelinnhald, mikrobiologisk forureining eller andre forureiningar.

Mattilsynet si tilråding

Mattilsynet rår til at NVE ikkje godkjenner søknaden slik den ligg føre, men ber søkar om å utarbeide:

1. Ein grundig risikovurdering av kraftverket sine moglege konsekvensar for drikkevatnet, både i anleggsfasen og driftsfasen.
2. Ei samanlikning av dei ulike alternativa (hovudalternativ vs. alternativ 2) basert på risiko for drikkevatnet. Val av utbyggingsalternativ bør vere basert på denne risikovurderinga, der alternativet med lågast risiko for drikkevasskvaliteten må prioriterast.
3. Ein detaljert plan for korleis drikkevatnet skal sikrast i samråd med Ølen Vassverk, inkludert:
 - a. Tiltak for å hindre forureining under anleggsarbeidet.
 - b. Rutinar for varsling og kommunikasjon.
 - c. Beredskapsplanar ved uønska hendingar.
 - d. Overvakingrutinar i anleggs- og driftsfasen.
4. Ein skriftleg avtale med Ølen Vassverk som detaljert beskriv ansvarsfordeling og samarbeid om sikring av drikkevatnet.

Mattilsynet ber vidare om at NVE legg inn følgjande vilkår dersom konsesjon blir gitt:

- Anleggsarbeidet skal ikkje starte før ein detaljert plan for sikring av drikkevatnet er godkjend av Mattilsynet.
- Det skal etablerast kontinuerleg overvaking av vasskvaliteten oppstraums og nedstraums anleggsområdet gjennom heile anleggsperioden.
- Søkar skal utarbeide ein beredskapsplan i samråd med Ølen Vassverk før anleggsstart.

Mattilsynet minner om at omsynet til drikkevatnet alltid skal prioriterast høgare enn kraftproduksjon når desse interessene kjem i konflikt, jf. Drikkevannsforskrifta § 4 og § 12.

Med helsing

Chi Thuy Le
seniorrådgiver

Kristin Lervåg
avdelingssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
ØLEN VASSVERK SA
Statsforvalteren i vestland
Vindafjord kommune